

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**859**] N-78941. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 51; 1990b: [45].)

Innskriфта står på ei nål av tre med flatspikka 'blad' og hol i overgangen mellom 'blad' og 'skaft'. Nåla er 164 mm lang, diameteren er 5 mm og 'bladet' er 17 mm på det breiaste. Funnet vart gjort i 1982, felt FGv, og noko uvisst rekna til hovudfase 4 (jf. Nordeide 1989: 61). Tilsvarande uvisst vil då funnkonteksten kunna tidfestast så tidleg som til andre halvdel av 1000- talet.

Generelt sett kan det kanskje seiast at veden i så fall er godt bevart og runene har halde seg svært skarpe i risset. Det er runer på både sider av bladet. På side a går innskriфта lenger enn holet i nåla og tek omsyn til den plassen som på det viset går bort av overflata. Det viser at innskriфта er rissa etter at gjenstanden elles er gjort ferdig. Innskriфта på side a er 42 mm lang og runene 17 - 5 mm høge. På side b er ho 22 mm lang, og runene der er 17 - 11 mm høge. R. 2 og 10 på side a (**r**) har både opne bogar.

Bortsett frå høgda kan dei seiast å vera nokså likt utforma. Dei skil seg noko frå r. 4 på side b som har mykje skarpare vinkla boge enn dei to på side a. R. 1 på side a og side b (**u**) er derimot utforma temmeleg likt med boge som i både tilfelle vender svakt inn mot staven nede ved grunnlina. Mellom r. 4 og 5 på side a er det eit to punktts ordskilje, mellom r. 3 og 4 på side b eit tilsvarande med tre punkt. Slik runene er bevarte, byr dei ikkje på problem med lese måten på noko punkt.

ᚱᚱᚱᚱ:ᚱᚱᚱᚱᚱᚱ

a) **u r n a : p o i s a r**

ᚱᚱᚱᚱ:ᚱᚱᚱᚱ

b) **u n t : r i s t**

Det synest tvilsamt om nokon del av denne innskriфта kan gi språkleg meining. Nåla vart funnen saman med dei to følgjande (N860 og 861). Same stad vart det òg funne ei fjerde

nål av same type, men utan runer (*N-78944*). Den fjerde nåla har ornamentikk på bladet i staden for runer. Det har kanskje òg noko å seia for korleis vi skal sjå på runeinnskriftene på dei tre andre. Skilnaden i utforming av **r** på dei to sidene er knapt stor nok til at vi må rekna med to ulike rissarhender på denne innskrifta som elles er så lik dei følgjande N860 og 861 at det godt kan vera tale om same rissar for alle tre nålene.

Innskrifta på side a inneheld kanskje namnet på i alle fall tre av runene i fuþork: r. 1-2 **ur** (=úr), r. 7-8 **is** (íss) og r. 9-10 **ar** (ár). Det er likevel uvisst om dette er tilsikta. Dei mellomliggjande runene går ikkje så opplagt inn i ei slikt lett 'kryptograferande' form for innskrift. Det er også her element som isolert sett kan gi ei språkleg mening, men samanhengen synest ikkje å gjera det. Vi kan såleis ikkje utelukka at det er ei form for løyndeskrift vi har å gjera med, men i form liknar elles innskrifta mest på ein litt forvirra eigarformel (**urna**). Spørsmålet om språkleg mening synest såleis å måtta stå ope her.

Side b er kan synast å ha ristarformel slik det elles er tallause parallellar til. Forma **rist** må i tilfelle sjåast som *reist* (3. pres. sg. pret av *rísta*). Det ville i så fall vera ein parallell til N271 (Gjerde krk I) og såleis eit drag som kunne peika attover i tid. Sekvensen **unt** før ordskiljet gjer likevel spørsmålet om vi verkeleg har å gjera med ein ristarformel uvisst. Også her synest det då vanskeleg å få fram ei språkleg tolking av innskrifta.